

Referat frå styremøte nr. 1-2021

Dato: 27. januar 2021

Tid: kl. 09.00-11.00

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 1/2021: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 2/2021: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 12-2020 (04.11.20)
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 12-2020 vart godkjend.

Sak 3/2021: Ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Framlegg til ny selskapsavtale var sendt til styret til møtet. Det var i styremøtet ingen forslag til endringar i framlegget.

Vedtak: Styret innstiller framlegget til ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd til godkjenning i representantskapet.

Sak 4/2021: Strategi 2021 Sunnmøre Regionråd
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Strategi 2021 vart handsama på styremøte nr. 12-2020 sak 60/20. Etter fleire endringsforslag frå styremedlemmar vart styret samde om å innarbeide følgjande endringar i strategien (utheva med kursiv):

Punkt 1.4, ny setning: *Arena Sunnmøre er møteplass og arena for kunnskapsdeling og samordning av interesser.*

Punkt 3.2: Regionrådet deltek aktivt på arenaen The North West og andre regionale konferansar.

Punkt 3.3, nytt punkt: *Regionrådet jobbar for å synleggjere heile Sunnmøre som ein attraktiv bu- og arbeidsregion gjennom m.a. aktiv bruk av universitet, høgskular og frie forskingsmiljø.*

Punkt 3.4, tidlegare punkt 3.3: Regionrådet *bidreg* til kompetanseheving i kommunane.

Punkt 4.1: Regionrådet samarbeider med andre regionråd og andre organisasjonar i saker der ein har felles interesser.

Vedtak: Styret innstiller framlegget til Strategi 2021 for Sunnmøre Regionråd til godkjenning i representantskapet med endringar som nemnt.

Sak 5/2021: Høyring om samhandlingsressurs i Møre og Romsdal

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

KS Møre og Romsdal sendte 9. desember 2020 ein rapport om samhandlingsressurs i Møre og Romsdal til kommunar og regionråd på høyring. Rapporten er utarbeidd av Møreforsking. Høyringsfristen er 29. januar 2021.

Adminstrasjonen hadde til styremøtet utarbeidd eit forslag til høyringssvar.

Vedtak: Styret vedtek forslaget til høyringssvar.

Sak 6/2021: Sakliste til representantskapsmøte nr. 1-2021 (29.01.20)

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar presenterte saklista som er sendt ut til representantskapsmøtet 29. januar 2021:

På saklista er m.a. ny selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd, strategi 2021 for Sunnmøre Regionråd, budsjett 2021 for Sunnmøre Regionråd, musea på Sunnmøre, finansiering av Helse Møre og Romsdal HF og status for samarbeidet mellom dei kommunalt eigde renovasjonsselskapa i regionen og samarbeid om klimaplan.

Styret drøfta om saka om samarbeidet mellom dei kommunalt eigde renovasjonsselskapa burde takast ut av saklista, då saka førebels er uavklart og skal m.a. drøftast i eigarmøte i ÅRIM 17. februar 2021. Dagleg leiar tek opp dette med leiaren av representantskapet.

Sak 7/2021: Distriktdemografiutvalet si utgreiing. Orientering om møte med leiar av utvalet Viktor Normann. Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Utgreiinga handlar om konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta, og peikar på eit stort behov for nytenkning om distrikta sin plass i det norske samfunnet og om distriktpolitikken. Utgreiinga finn ein her [NOU-2020-15](#).

Dagleg leiar har gjort avtale om at Viktor Normann deltek på eit Arena Sunnmøre-møte i regi av Sunnmøre Regionråd 15. april 2021. Møtet vert anten fysisk eller digitalt. Det skal oppnemnst ei programnemnd for vidare planlegging av møtet.

Sak 8/2021: Finansieringa av Helse Møre og Romsdal HF

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om eit brev som Sunnmøre Regionråd 25. januar 2021 har sendt til adm. direktør og styret i Helse Midt-Norge RHF. Brevet gjeld fordelinga av midlar i Helse Midt-Norge RHF (etter finansieringsmodell Magnussen 2). Dette er tema på styremøtet i Helse Midt-Norge RHF 4. februar 2021.

Styret drøfta ulike strategiar for korleis ein bør arbeide vidare for å nå fram i saka.

Sak 9/2021: Møteplan 2021

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret vart samde om styremøter følgjande datoar i 2021: 12. mars, 9. april, 7. mai, 17. september, 22. oktober og 19. november.

Sak 10/2021: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.